



## Indre Hordaland Kraftnett AS

Nye tariffar gjeldande frå 01.10.2024. Nettleiga gjekk frå årsskifte 23/24 ned i snitt 6 %. Grunna høgare kostnader i foranliggende nett er det frå 1. oktober nødvendig med ein oppjustering av nettleiga. Nettleiga går opp i snitt ca. 4%. Heile endringa vert ført på energileddet.

### Næring under 100 000 kWh i årleg forbruk

| Trinn | Kapasitetsledd              | Kr / måned | Energiledd øre/kWh |
|-------|-----------------------------|------------|--------------------|
| 1     | Mindre enn 5 kW             | 235,-      | 27                 |
| 2     | Frå 5 kW og opp til 10 kW   | 355,-      | 27                 |
| 3     | Frå 10 kW og opp til 15 kW  | 465,-      | 27                 |
| 4     | Frå 15 kW og opp til 20 kW  | 640,-      | 27                 |
| 5     | Frå 20 kW og opp til 25 kW  | 1.060,-    | 27                 |
| 6     | Frå 25 kW og opp til 50 kW  | 1.600,-    | 27                 |
| 7     | Frå 50 kW og opp til 75 kW  | 2.500,-    | 27                 |
| 8     | Frå 75 kW og opp til 100 kW | 3.000,-    | 27                 |
| 9     | Frå 100 og større           | 4.250,-    | 27                 |

Prisar er utan mva, forbrukaravgift 9,51/ 16,44 øre/kWh og Enova 800 kr/år (sjå side 2)

87% av IHK sine kundar vil liggje i Trinn 1, 2 eller 3.

Mange kundar vil være på eit lågare trinn om sommaren enn om vinteren

### For byggeskap kjem dette i tillegg:

| Tariff type |  | Opp/ned gebyr kr | Døgnleige, kr |
|-------------|--|------------------|---------------|
| Byggeskap   |  | 2.600,-          | 16,-          |

### Næring med over 100 000 kWh årleg forbruk, lågspent

| Fastledd kr/år | Årstid | Effektledd kr/kW/mnd | Energiledd øre/kWh |
|----------------|--------|----------------------|--------------------|
| 18.000,-       | Sommar | 58,-                 | 12                 |
| 18.000,-       | Vinter | 66,-                 | 14                 |

Prisar er utan mva, forbrukaravgift 9,51/ 16,44 øre/kWh og Enova 800 kr/år (sjå side 2)

### Næring med over 100 000 kWh årleg forbruk, høgspent

| Fastledd kr/år | Årstid | Effektledd kr/kW/mnd | Energiledd øre/kWh |
|----------------|--------|----------------------|--------------------|
| 18.000,-       | Sommar | 28,-                 | 7                  |
| 18.000,-       | Vinter | 38,-                 | 9                  |

Prisar er utan mva, forbrukaravgift 9,51/ 16,44 øre/kWh og Enova 800 kr/år (sjå side 2)

Vinter : okt - mars

Sommar: april - sept

### Litt om vilkår:

\*Byggeskåp vert sett opp mot eit opp/ned gebyr på kr 3.250,- (kr. 2.600,- + mva) samt døgnleige på kr 20,- (kr 16,- + mva) For at byggeskåp skal vere montert til du treng det, ynskjer me tinging 4 dagar før det skal monterast. Du finn skjema på [www.ihk.no](http://www.ihk.no) under Nett, eller ved å venda deg til oss på tlf,53 67 16 00 eller [post@Nett.ihk.no](mailto:post@Nett.ihk.no)

NVE bestemmer den totale inntekta som nettselskapa skal ha på overføringstenester og nettleige. Nettleiga skal dekkja alle kostnadane som nettselskapet har til drifting og investeringar i nettet. Når inntekta på nettleiga vert for låg i høve til utgiftene som krevst til forsvarleg drift av nettet, kan nettselskapet regulera opp prisen innanfor den inntektsramma som er sett av NVE.

### Standard vilkår:

Elektrisk kraft vert levert i samsvar med Standard avtale for tilknytning, nettleige og kraftlevering, utarbeidd av Energi Norge, med dei særvilkår som Indre Hordaland Kraftnett AS har teke inn i kontrakta. Den er utarbeidd i samarbeid med Forbrukarombodet og Forbrukarrådet. Kontrakta får du ved å venda deg til kraftlaget, eller [www.ihk.no](http://www.ihk.no)

### Tilknytning av nye anlegg:

Ved tilknytning av nye anlegg, skal det fakturerast eit anleggsbidrag på bakgrunn av kostnad med framføring av straum.

### Diverse:

Dersom kunden ynskjer mellombels avstenging av straumleveringa for ein viss periode, kostar dette kr 1.375,- (kr 1100,- + MVA) Ved mellombels avstenging, løper dei faste kostnadane. (kapasitetsledd på gjeldande tariff)

For ubetalt straumrekning v/ forfall vil me nytta dei satsane morarentelova gjev høve til, f.t. er gebyret for purring kr 35,-. Dersom eit anlegg har vore stengt på grunn av manglande betaling, må kunden betala eit gebyr stort kr 1.375,- (kr 1.100 + MVA), i tillegg til skuldig sum før straumen vert tilkopla. Gebyret må også betalast i tillegg til forfallen sum i dei tilfella der betaling av forfallen sum fyrst skjer når me rykkjer ut for å stengja eit anlegg. Satsen gjeld arbeid innanfor normal arbeidstid. Utanfor normalarbeidstid, kjem det eit ekstratillegg på kr.600,- inkl mva. Ved inkasso vil me nytta standardsatsane morarentelova og inkassolova gjev høve til.

### AMS målar

For opning og stenging av HAN port må ein sende tinging pr epost til [post@nett.ihk.no](mailto:post@nett.ihk.no)

**Tariffendring :** Krev skriftleg dokumentasjon frå kunde, endring vert utført med verknad frå neste avrekning.

### Utbetaling etter langvarig avbrot.

Hushaldningar og fritidshus har krav på kompensasjon ved straumbrot som varer over 12 timar. Straumbrotets varigheit skal bereknast frå det tidspunktet nettselskapet fyrst fekk melding om avbrotet, eller nettselskapet burde ha visst at det var straumbrot.

Satsane for kompensasjon pr målepunkt er :

- For husholdningar: 500 kroner ved avbrot over 12 timar og deretter ein sats på kr 40,- pr time
- For fritidshus : 125 kroner ved avbrot over 12 timar og deretter ein sats på kr 10,- pr time

Ein samla årleg kompensasjon kan ikkje overstige forventa innbetalt nettleige for inneverande år

Kompensasjonsordning er ikkje ein erstatningsordning for faktiske kostnader som kunden opplever som fylgje av straumbrot. Dette vert regulert gjennom forbrukarlovgeving og privatrettslege avtalar.

Kompensasjon vert utbetalt automatisk utan at kunde treng søkje om dette

Sjølv om det er AMS målar på anlegget, er det ikkje sikkert nettselskapet fangar opp at det er straumbrot. Dette heng saman med at det kan vere utfordringar med kommunikasjon med målaren eller anna. Det beste er difor å varsle nettselskapet om straumbrot, med mindre nettselskapet har varsla om straumbrotet til deg

### Avgifter til staten \*:

|                                                                    |                                        |
|--------------------------------------------------------------------|----------------------------------------|
| Forbrukaravgift, alle kundar, inkl i nettleige-energiledd jan-mars | 9,51 øre/kWh (11,89 øre/kWh inkl mva)  |
| Forbrukaravgift, alle kundar, inkl. i nettleige-energiledd apr-des | 16,44 øre/kWh (20,55 øre/kWh inkl mva) |
| ENOVA - avgift hushaldsføremål,                                    | 1,0 øre/kWh (1,25 øre/kWh inkl mva)    |
| ENOVA – avgift næringskunde, årleg fastbeløp                       | kr 800,- pr år ( 1.000,- kr inkl mva ) |



-faktura ferdig utfylt rett i nettbanken. Registrer deg som brukar i nettbanken  
Og/eller,



- automatisk betaling av faste rekningar. Kontakt banken din for avtale.